



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

09.04.2021

Vår ref:

2020/13811

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern for Loftesnes naturreservat i Sogndal kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Loftesnes. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 10. juni 2021.

Tilbodsområdet på Loftesnes er lokalisert på gards- og bruksnummer 1/12, 2/2, 2/5, 2/6 og 2/11 i Sogndal kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar. Dei har underskrive tilbod om vern av Loftesnes som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Vi melder oppstart av ver neprosess for eit areal med storleik på 623 dekar. Kart med framlegg til vernegrenser ligg vedlagt.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald Meld. St. 14 (2015-2016), vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. I 2020 var omlag 5,0 prosent av skogarealet og ca. 3,8 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Til årsskiftet 2021 runda vi 3,0 prosent skogvern i Vestland.

Det er eit nasjonalt miljømål at *et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*. Vern av skog er også viktig for å nå mange miljømål vedtekne av Stortinget.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsigtige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eidd skog og ved frivillig vern av privateeid skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det har vore satt av nær ein halv milliard per år dei to siste åra til skogvern over statsbudsjettet, noko som syner at dette blir høgt prioritert av Stortinget.

Frivillig skogvern

Dei siste åra har frivillig skogvern vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretakne.




Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant viktige faktorar. Difor er det å ta vare på levestadane til artsmangfold i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre Vestlandsnaturen for framtida.

Verneverdiar på Loftesnes

Loftesnes vart første gang registrert i Naturbasen i samband med naturypekartlegginga for Sogndal kommune i 2000. Området består av rasmark med rik edellauvskog og frodig blandingslauvskog, og furuskog i meir høgareliggjande område. I låglandet er det både levande og døde store, gamle lindetre med grove dimensjonar. Andre edle lauvtre som hassel, alm, ask og svartor veks i området, og osp og bjørk er særleg grove og med høg alder. Dei gamle trea har gode førekommstar av sopp-, mose- og lav, og det er stort potensiale for funn av truga, sjeldne og sårbare artar.

Det nærliggjande Stedjeberget naturreservat er levestad for ein sjeldan barktege knytt til ligggjande, daud lind, som truleg er det einaste registrerte funnet i Noreg. Kontinuitet i daud ved av lind er vesentleg for overleving av denne arten. Det er registrert over 100 artar av sopp i Stedjeberget (minst 11 raudlista soppartar). Statsforvaltaren har grunn til å tru at også Loftesnes er levestad for sjeldne artar, med tilsvarande kontinuitet av storvakse, daud ved av lind. Potensialet for raudlista arter er stort. Loftesnes er vurdert å ha verdi A, som er svært viktig og har nasjonal verdi, og vil med dette bidra til å oppfylle viktige manglar i skogvernet i Vestland.



Figur 1 og 2: Tilbodsarealet på Loftesnes er stadvis bratt og utilgjengeleg for folk. Området gjev likevel gode levekår for lind, hassel og osp og alle artane som treng gamle og døde tre for å overleve. Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/Tore Larsen/Maria Knagenhjelm



Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for Loftesnes.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av matsopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.

Brukarinteresser

Det er beite frå husdyr i den lågareliggende delen av det føreslegne naturreservatet. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne vedlikehalde gjerde, og kunne søkje om oppsetting av nye gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Dersom beitedyr blir sjuke eller skadde kan ein få frakta ut disse frå naturreservatet med motoriserte hjelpemiddel dersom det trengs. Det er ingen skogsbil- eller traktorvegar, og størstedelen av skogen er vanskeleg tilgjengeleg dersom skogbruk hadde vore eit aktuelt alternativ for grunneigarane.

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Det er ei lita jaktbu øvst på Loftesnesfjellet vest i tilbodsområdet. Hytta er nokre tiår gamal, har enkel standard og er mest i bruk om hausten under hjortejakta. Det vil være mogeleg å vedlikehalde hytta, drive jakt og frakte ut jaktutbyte med beltegåande terrengkøyretøy.


Ein av grunneigarane fortel at det er ein brønn på hans eigedom, men at lokalisinga er uviss. Han ønskjer å kunne vedlikehalde brønnen dersom den blir funne att. Forskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande anlegg, som til dømes denne brønnen.

Det meste av området er bratt og utilgjengeleg, men ytterkantane er i bruk. Det er ein sti i det nordvestlege hjørnet av reservatet. Denne er avmerkt på vernekartet, og på den er det mogeleg å sykle og ri. På Loftesnesfjellet, i austre del av tilbodsområdet, er det nokre godt brukte bålpassar. Det er det populært å gå frå Kjørnes eller frå Sogndal for å få utsyn over bygda. Området som er avmerkt Hesteggi, som går litt inn i det føreslegne verneområdet i aust, er verdsett som Svært viktig i kartlegginga av verdifulle friluftsområde. Det er opning i verneforskrifta for å brenne bål med nedfallskvist eller med medbragt ved. Når fossane er frosne i kuldeperiodar er det observert isklatring innanfor det føreslegne verneområdet. Det er ein del hjort i dei tilgjengelege delane av Loftesnes, men ikkje meir enn at det er observert forynging av typiske beiteplantar som rogn, osp og selje.



Når det gjeld namn på verneområdet var det opphavlege arbeidsnamnet Loftesnes. Grunneigarane støtta namneforslaget, dei fleste av disse bur i grenda Loftesnes. I høgare delar av området ligg Loftesnesfjellet, og sør for det føreslegne området ligg ei anna grend, Kjørnes.

Det er eit pågående arbeid med kommunedelplan for [området Loftesnes-Kaupanger](#) i samband med ny riksveg 5 (sjå figur 3). Statens vegvesen seier at arbeidet blir ferdig i løpet av hausten 2021. Grunna dette arbeidet kan det bli forseinkingar i verneprosessen, og det kan også bli justeringar i avgrensinga på kart. Dette vil bli avklart underveis i prosessen.



Figur 3: Område for arbeidet med kommunedelplan for ny trase for riksveg 5. Skjermklypp frå Statens Vegvesen [si side](#).

Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 1. februar 2021. Innan fristen den 28. februar 2021 fekk Statsforvaltaren 8 innspel.

Landbruksdirektoratet har, i innspel datert den 8. februar 2021, nokre generelle innspel. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Dei går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.



Språkrådet sendte innspel til oss den 18. februar 2021. Dei rår oss heller til å nytte namnet Loftesnes og Kjørnes naturreservat framfor berre å bruke Loftesnes. Språkrådet meiner dette fordi det føreslegne vernearealet også ligg på garden Kjørnes.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er ueinige med Språkrådet i deira innspel. Arealet ligg under Loftesnesfjellet, og dei fleste grunneigarane bur i grenda Loftesnes og mange heiter Loftesnes til etternamn. For ein lokal person vil det føreslegne området bli oppfatta i stor grad som ein del av Loftesnes. Kjørnes er ein gard som ligg lengre vekk frå kjerneområdet (meir marginalt), og visuelt ligg Kjørnes delvis åtskilt frå det folk oppfattar som Loftesnes. Å bruke to stadnamn (Loftesnes og Kjørnes naturreservat) i namnsettinga av dette verneområdet kan også bli opplevd som litt langt og tungt å seie.

Statens vegvesen skriv i uttale datert den 15. februar 2021 at dei ser opprettinga av Loftesnes naturreservat vil komme i konflikt med alternativ i det pågående arbeidet med kommunedelplan for riksveg 5 mellom Loftesnes og Kaupanger. Dei krev at prosessen for frivillig skogvern kjem etter at kommunedelplanen er vedteken, slik at ein ikkje råkar ved kommunedelplanarbeidet. Dei har ikkje landa på kva alternativ til vegtrasé dei skal velgje, og detaljane knytt til dei ulike alternativa er heller ikkje endeleg vurdert. Det vil i tillegg komme ei bandleggingssone i samband med det alternativet som vert vedteke. Statens vegvesen har som mål å få kommunedelplan for Kaupanger Loftesnes vedteken i løpet av hausten 2021. Dei skriv at kommunedelplanarbeidet må verte førande for det frivillige skogvernet. Strekninga er ikkje omtalt i ny Nasjonal Transportplan (NTP) for perioden 2022-2033, og er med det ikkje aktuell for byggestart før tidlegast i 2034.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vurderer så langt at vegtraseane jf. figur 3 ikkje vil komme direkte i konflikt med det føreslegne verneområdet. Såleis vil ikkje arbeidet med frivillig skogvern påverka arbeidet med kommunedelplan for riksveg 5 vesentleg.

Det er ikkje uvanleg med planprosessar der mogeleg framtidige veg- eller jernbanetrasear kjem i konflikt med naturvernarbeid. Vi vurderer at det er nasjonale verneverdiar i tilbodsområdet, og må arbeide vidare med skogvern, slik embetsoppdraget til Statsforvaltaren er. Vi jobbar vidare med prosessen for å innhente eit breitt kunnskapsgrunnlag.

Vi tek likevel høgde for at det kan komme justeringar i både avgrensing av verneområdet og i framdrift i saka, då arbeidet med kommunedelplan for riksvegen går parallelt.

Vi bistår gjerne med meir informasjon om vernearbeidet, eller om det er trong for å drøfta dette nærmare.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv i brev datert den 23. februar 2021 at Sognekraft Nett har skifta namn til Sygnir AS og ber om at disse blir inkludert på høylingslista. NVE skriv også at fordi det går ei 22 kV linje nedanfor det føreslegne verneområdet, noko som verneforskrifta bør ta høgde for i. NVE ønskjer difor at forskrifta inkluderer ei opning for drift og vedlikehald, samt istandsetjing ved akutt utfall på anlegget.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Sognekraft AS er allereie på høylingslista, og vi har også lagt til Sygnir AS på høylingslista. Vi ser at NVE også har sett Sygnir AS som kopimottakar på deira innspel til Statsforvaltaren. Vi trakk vernegrensa litt i overkant av linja for å unngå konflikt med energinteressene. Dersom NVE ønskjer at det blir ei opning for drift og vedlikehald, samt istandsetjing, legg vi det inn i verneforskrifta, sjå ny



§ 4 k. Grunna topografien og tilkomsten går vi likevel ut i frå at området utanfor vernegrensa er tilstrekkeleg for drift og vedlikehald av linja.

Direktoratet for mineralforvaltning kjem med innspel i sitt brev datert den 25. februar 2021 om at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for viktige førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Det er registrert ein liten grusførekomst nord for det føreslegne verneområdet som har «liten betydning». Dei har ingen merknadar til verneframlegget.

Forsvarsbygg skriv i brev datert den 11. februar 2021 at dei ikkje ser konfliktar med det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdelsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med forsvarsets luftfartøy.

Statnett skriv i e-post datert den 12. februar 2021 at dei ikkje har merknadar til oppstarten av verneprosessen.

Rut og Erik Roar Loftesnes har innspel datert den 27. februar 2021 til oppstartsfasen av verneprosessen. Dei bur på gard nr 2, bruksnummer 1, og er naboar i nord til det føreslegne verneområdet. Dei syner til NVE Rapport nr. 35 – 2017 Skredfarekartlegging i Sogndal kommune, der det meste av deira eigedom vest for vegen er skravert raudt og difor har byggjeforbod. Dersom dei vil planlegge utbygging av innmarka i dette området er den einaste mogelegheita, skriv dei, å lage ein stor rasvoll. Ein rasvoll vil kunne sikre eventuelle nye bustadar i framtida, og dei peikar på at det vil bli for kostbart å frakte stein til eit slikt anleggsarbeid frå andre stadar. Dei vil då ønskje å ta ut Stein langsmed den nordlege grensa for det føreslegne naturreservatet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Med frivillig vern er det berre dei grunneigarane som ønskjer å verne sin eigedom til naturreservat som tilbyr areal til dette føremålet. Rut og Erik Roar Loftesnes ønskjer å ha mogelegheit for å utvikle eigedommen sin til utbyggingsføremål, og det er kommunen som er planstyremakt for slike prosessar. Vi hadde sett fordeLEN av å ha ein buffer til verneområdet i nord, men det er likevel den som sit med eigedomsretten som har mynde over sin eigedom. Dersom det viser seg at det blir vanskeleg og dyrt å utvikle eigedommen slik Rut og Erik Roar Loftesnes ønskjer, vil vi gjerne ha dialog dersom frivillig skogvern er ei måte dei kan realisere verdien på eigedommen sin på eit seinare tidspunkt.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Der kan du sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvpost@statsforvalteren.no.

Frist for å kome med innspel er 10. juni 2021.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Grunneigarliste er teke ut i frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.



Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Loftesnes, Sogndal, høyringkart
- 2 Forskrift om vern av Loftesnes naturreservat, høyring

**Mottakerliste:**

Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
STATNETT OSLO HOVEDKONTOR	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
SOGNEKRAFT AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Det norske skogselskap			



KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
HOVEDKONTOR			
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norskog			
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Friluftslivets	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Fellesorganisasjon			
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG



Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
SOGNDAL TURLAG	v/ Ove Ellingsen Navarsetevegen 42	6856	SOGNDAL
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS